



Arkivnr: 2016/2314-8

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 390 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr har forfall 18. mars. 1 mill. kr vil bli betalt som avdrag. Restsummen, 390 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Swedbank.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 390 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Swedbank. Renta er 1,21 % fram til 17.03.2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.03.2016

Eit sertifikatlån på 391 mill. kr har forfall 18. mars. Renta har vore 1,26 % siste 12 månadene.

I 2016 er det budsjettert med avdrag på 442 mill. kr. Ein tek sikte på å innfri eit sertifikatlån på 441 mill. kr. I tillegg vil ein betale ned 1 mill. kr på sertifikatlånet som no har forfall. Restsummen på 390 mill. kr vil ein refinansiere med eit nytt 12-månaders sertifikatlån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod i dag:

	nominell rente
Swedbank	1,210 %
DNB Markets	1,228 %
Nordea Markets	1,245 %
Danske Bank Markets	1,270 %
Kommunalbanken	1,320 %
Handelsbanken	1,320 %
KLP Kommunekreditt	1,920 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Swedbank.